

**Velkommen  
til  
Sygna  
i august  
😊**



**Informasjon  
til skulestart 2018**

Vi er veldig glade for at du valde Sygna som skule til hausten!

No er det snart sommarferie, og vi håper du allereie gler deg til å kome til Sygna i august. For ein del av dykk vert det eit gjensyn med vener, for andre vert det eit steg inn i ei heilt ny og ukjent verd. Vi veit mange sit med ulike spørsmål, og i dette brevet vil vi prøve å svare på ein del av det vi veit er viktig å vite før ein kjem til Sygna.

Som du ser ligg det også med ein del andre dokument, litt ulikt etter kva klasse du skal gå i. Alle får ein leigekontrakt eller kontrakt for heimebuarar, eit skjema om helse og i tillegg eit skjema som foreldre/føresette skal fylle ut og returnere til skulen (sjølv om du er over 18 år). Det er viktig at du vidareformidlar dette til dei.

Dersom du er under 18 år vil foreldra dine/føresette også få eit informasjonsbrev som liknar dette.

### Skulestart

Første skuledag er **laurdag 18. august**.

**Innvarteringa til internatetstartar laurdag kl. 10.00 i skulebygget (gymsalen). Dette gjeld berre for internatelevar.**

Programmet denne dagen vert slik:

- Kl 10.00 – 16.15: Innvartering til internat
  - Kl 12.00 – 15.00: Skjeldestad Libris frå Sogndal vert her og sel aktuelle bøker og skuleutstyr på klasserom 11.
  - Kl 13.00 – 14.00: Middag (graut)
  - Kl 16.30: Samling klassevis med kontaktlærer. Rom: sjå infoskjerm i inngangsparti på skulebygget
  - Kl 16.30: Samling med informasjon for foreldre/føresette. Rom: sjå infoskjerm i inngangsparti på skulebygget
  - Kl 18.00: Servering av varmmrett i matsalen
  - Kl 19.00: Opningssamling i Belehalli (idrettshallen like ved Sygna), med m.a. orientering, presentasjon av personalet, andakt og song
- Etter opningssamling: Sosial samling med kaffi i økobygget

### Når kan du kome?

Elevar som skal bu i internata kan få tildelt rom frå og med laurdag 18. august, kl. 10.00. Du kan dessverre ikkje flytte inn før denne dagen. Nokre har lang reiseveg eller kjem av andre årsaker til Balestrand fredag. Om dette gjeld deg er det viktig at du kontaktar skulen i forkant. Ein kan då gjere ein avtale om at vi låser opp internatrommet ditt, slik at du kan sove der natt til laurdag. Innsjekkinga med utdeling av nøklar skjer likevel ikkje før laurdag. Merk og at dette berre vil vere aktuelt i særskilte tilfelle, og berre om det er avtala med skulen i forkant. Det vert ikkje servert mat før grauten laurdag kl.13.00.

Om du ikkje skal bu i internat er første obligatoriske samling laurdag 18.august kl. 16.30 på skulebygget. Der møter du kontaktlærer og resten av klassen din.

## **Internat – ønskje om rom og kva du bør ta med**

Viss du har spesielle ønskje når det gjeld plassering på rom (enkeltrom/dobbeltrum/dele rom/bad med nokon spesielle), kan du gå inn på google-skjemaet som ligg på Sygna si nettside under «Informasjon» og «Ny elev» . Skjemaet heiter «Internatynskje (nye elevar)» og her kan du melde frå heilt fram til 20. juli, dersom du ikkje har gjort det allereie. Vi vil prøve å innfri ønskja så langt det let seg gjere.

Dei som skal bu i internatet må ha med seg:

- Sengetøy, dvs. dyne, pute og fleire sett sengeklede. Du bør merke tøyet ditt.
- Vaskemiddel til tøyvask
- Sovepose og liggeunderlag til ekskursjonar og turar
- Sjukeutstyr som plaster, termometer og tablettar, til dømes paracet
- Klede og sko til kortare turar

Vi tilrår også at du tek med følgjande:

- Skittentøykorg
- Bosskorg
- Bordlampe
- Småting til pynt og hygge
- Koppar, tallerkar og bestikk (det finst også litt fellesutstyr)

På rommet står det seng, skrivebord, stol, klesskap og bokhylle. Store møblar utover dette er det dessverre ikkje plass til.

Alle internata har eit kjøken med kokeplater/komfyr, mikrobølgeovn, og kjøleskap/frys. Kvitevarer som kjøleskap, mikrobølgeovn og vasskokar skal elevane ikkje ta med. Elevane skal heller ikkje ha med eigne varmeomnar, då romtemperaturen vert styrt sentralt og kan justerast ved behov på det einskilde rommet. Sjå også leigekontrakten.

## **Feriar/langhelger**

I feriane har vi ikkje tilsyn i internata, og i følgje branninstruksen kan difor ikkje elevar bu i internatet dei periodane. Alle elevane må difor reise frå skulen i haustferie, langhelga i november, juleferie, vinterferie, påskeferie og sommarferie. I andre langhelger har vi tilsyn og elevane kan bli buande i internatet. Skuleruta finn du på Sygna si nettside.

## **Besøk**

Dei som eventuelt følgjer deg til opningshelga har kanskje behov for å overnatte. Vi har dessverre ikkje gjesterom, så vi tilrår at dei bestiller overnatting i bygda, til dømes Sjøtun Camping, tlf. 57 69 12 23, Midtnes hotell, tlf. 57 69 42 40, Thuegården, tlf. 57 69 15 95 eller Dragsvik Fjordhotell, tlf. 57 69 44 00. Maten treng dei ikkje tenkje på, sidan alle som fylgjer elevar kan ete gratis hjå oss denne helga.

Slekt og vener er sjølvsagt velkomne til å vitje deg elles i året også. Føresette og sysken under 16 år bur og et gratis inntil 3 døgn om gongen. Andre betaler for måltida dei et. Når du er "innarbeidd" som elev byr oftast heller ikkje overnatting på problem. Mange avtaler nemleg å flytte inn til medelevar, slik at besøket kan nytte verten sitt rom. Hugs at det er du som vert som må informere gjestane dine om reglane ved skulen. Dersom du ønskjer å ha besøk i meir enn tre døgn, må du søkje om dette til internatleiar i god tid før besøket har tenkt å kome. Då betaler alle ein fast døgnpris frå og med fjerde døgn (inkluderer mat og overnatting).

## **Lærebøker/læremiddel:**

Vi kjøper inn dei aller fleste bøkene, og elevane får låne dei frå skulen medan dei er elevar her. Dette gjeld ikkje skrivebøker, ordbøker, tabellar, arbeidsbøker med innfyllingsoppgåver og kalkulator. Vi legg ut boklistene i løpet av juni på Sygna si nettside, under ”Informasjon” og ”Bli elev”. Her finn ein informasjon om kva bøker som vert lånte ut frå skulen og kva bøker eleven sjølv må kjøpe.

Bokhandlar Skjeldestad Libris frå Sogndal vil vere på skulen og selje det meste av bøkene og utstyret du treng på opningslaurdagen mellom kl 12.00.- 15.00.

Elevar som skal starte i Vg1 Kunst, design og arkitektur må i tillegg bestille ”materiellpakke” (sjå vedlagd informasjon).

Statens lånekasse for utdanning tildeler utstyrsstipend. Sjå meir informasjon under avsnittet «Stipend frå Lånekassen».

## **Målform og ordlister:**

I vidaregåande skule kan du sjølv velje om du vil ha nynorsk eller bokmål som hovudmål. Dersom ein ikkje av spesielle grunnar er friteken for vurdering i sidemål skal ein ha vurdering i begge målformene.

Sygna nyttar nynorsk i dei fleste offisielle breva som blir sende frå skulen. I norskfaget får du sjølv sagt opplæring i begge målformene. I dei andre faga nyttar læraren den målforma han/ho finn mest naturleg.

## **Berbar datamaskin:**

Alle elevar skal ha berbar datamaskin. Dette skreiv vi også litt om i inntaksbrevet. Elevane har fått velje om dei ønskjer datamaskin gjennom skulen, eller om dei tek ansvar for å kjøpe maskin sjølv. Ordninga er slik:

Dersom du låner PC av skulen, vil dette koste 1032,- pr skuleår. Summen svarar til lågaste sats for utstyrsstipend frå Lånekassen. Etter 3 år eig du PC-en.

Skulen har nå kjøpt inn maskinar til alle som har kryssa av for at dei vil låne maskin. Elevane som skal låne datamaskin, vil få den utlevert første veka og samstundes underteikne ein lånekontrakt som set betingelsane for bruken av han.

Vi kjem til å krevje at alle som brukar datamaskin på det trådlause nettverket vårt har eit kontinuerleg oppdatert antivirusprogram.

## **Litt om faget kristendom:**

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) eig og driv skulen. Sygna er ein skule med kristen målsetjing. Dette kjem til uttrykk m.a. ved at det er ein obligatorisk ord for dagen kvar morgon.

Alle elevane har undervisning i kristendom på Vg1 og Vg2. På yrkesfagleg utdanningsprogram har elevane 2 veketimar. Desse timane er ein del av faget Yrkesfagleg fordjuping. På studieførebuande utdanningsprogram har elevane 2,5 timar i veka på Vg1 og på Vg2. Dette faget kan erstatte eit 5-timars programfag på Vg2. Dette får du meir informasjon om når vi har starta skuleåret.

## Fastlegeordninga

Du har truleg ein fastlege på heimstaden din. Vi rår til at du skiftar fastlege medan du er elev ved skulen. Elevar som ikkje har fastlege i Balestrand eller i ein nabokommune, har berre rett på akutthjelp hjå kommunelegen i Balestrand. Det betyr at det kan ta fleire dagar å få kome til lege dersom det ikkje hastar. Du kan enkelt skifte attende til heimelegen din når du er ferdig på Sygna. Sidan Utdanningsdirektoratet strama inn fråværsreglementet frå hausten 2016 er det ekstra viktig å ha fastlege i nærleiken då du kanskje i endå større grad enn før er avhengig av legeattestar for å dokumentere fråvær.

Du kan skifte fastlege ved å gå inn på denne adressa: [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)

Skulehelsetenesta ved helsesøster er tilgjengeleg på skulen ein gong i veka.

## Røyk- og snusfri skule

På Sygna har vi røyk- og snusfri skuledag. Det betyr at det er forbode å røyke/snuse i skuletida. Utanom skuletida har vi ein ”røykeplass”.

## Økonomi 2018/19:

Skulepengar og kost/losji: sjå nettsida til Sygna: [www.sygna.no/info](http://www.sygna.no/info)

Elevar som ikkje bur i internatet kan ta med mat/drikke sjølv eller inngå avtale om lunsj eller berre drikke i lunsjen alle skuledagar. Sjå prisar på kontrakten for heimebuarar/hybelbuarar.

Skuleåret er på 10 månader og innbetalingane skjer i månadane f.o.m. august t.o.m. mai. Innmeldingspengane på kr 1.000.

Sygna tilbyr betaling med avtalegiro, og ser helst at de bruker dette. Vedlagd avtale må returnerast til Sygna. Du kan lese meir om avtalegiro bakpå sjølve avtalen. Sjølv om du ordnar med avtalegiro i sommarferien, må fakturaen for august betalast manuelt. Det er viktig at ein følgjer med kvar månad på at fakturaen blir trekt frå konto, det hender at avtalegiroen ikkje går igjennom av ulike grunnar. Det vert sendt ut e-post med faktura også ved avtalegiro. I dei tilfella er faktura merka med avtalegiro.

Ved mottak av romnøkkel må du betale kr 1 500.- i depositum. Ved eventuelt tap av nøkkel, skadeverk på rom og møblar/utstyr, mangelfull nedvask eller unnlating av å utføre fellesoppgåver, kan heile eller delar av depositumet bli halde attende når du forlet skulen ved skuleslutt.

For å halde nede kostpengane har vi ei ordning der internatelevane etter tur tek del i oppvasken etter måltida og fellesvask av internat. Om nokon melder seg ut av fellesskapen ved å ikkje gjere pliktene sine, blir dette handsama som disiplinærsak.

## Stipend frå Lånekassen

Alle elevar med ungdomsrett har rett på utstyrsstipend frå Lånekassen. Du får stipendet same kor mykje foreldra dine tener. Hugs at du må søkje om stipendet for å få det utbetalt. Når du søker, sjekkar Lånekassen automatisk om du har rett til andre stipend også, som for eksempel grunnstipend eller bustipend. Du kan først søkje om stipend i juli på [lanekassen.no](http://lanekassen.no). Bruk søknaden for vidaregåande opplæring. Når du har søkt digitalt på deira sider får Sygna melding om dette. Vi går då inn og stadfestar at du har takka ja til skuleplass på Sygna. Les meir om stipend og lån på [lanekassen.no](http://lanekassen.no), og sjekk Lånekassen si side på Facebook: [facebook.com/lanekassen.vgs](https://facebook.com/lanekassen.vgs).

## **Fritid**

På Sygna har vi mange fritidsaktivitetar som vi veit er med på å skape eit godt miljø, t.d. sosiale samlingar med ulik underhaldning, idrettsaktivitetar, biljard, bordtennis, kristne møte, bibelgrupper og KRIK.

I Balestrand har vi eit aktivt fotballmiljø. Dersom du er interessert i å spele fotball på eit av Balestrand sine lag (G15-17 eller seniorlag dame eller herre), ynskjer idrettslaget at du melder di interesse slik at dei kan ordne med overgang før du kjem til bygda. Kontakt Sygnalærarane Henning Sagevik ([h.sagevik@gmail.com](mailto:h.sagevik@gmail.com)) eller Johannes Nilsson ([jn@sygna.vgs.no](mailto:jn@sygna.vgs.no))

## **Så til slutt ein invitasjon:**

Norsk Luthersk Misjonssamband, som eig Sygna, arrangerer kvart år "UL, ungLandsmøte".

Det vert arrangert i Kongeparken, Ålgård, 24. – 28. juli (Sjå [www.ul.no](http://www.ul.no))

Erfaringsvis reiser mange "gamle og nye" elevar dit. Mest sannsynleg vert det eit Sygnatreff i løpet av UL. Dette finn du ev. informasjon om på standen til NLMvgs.

Lurer du på noko, er det berre å ta kontakt. Vi er her stort sett heile sommaren.

Dette sommarbrevet og alle vedlegga blir også lagde ut på Sygna si nettside [www.sygna.no](http://www.sygna.no) under "Informasjon" og "Bli elev". Her kan det også koma annan viktig informasjon gjennom sommaren, så det er lurt å sjekke her av og til.

## **Hugseliste:**

Summert opp minner vi om at de innan **9. juli** skal sende følgjande til skulen:

- Svarskjema for foreldre/føresette (umyndige elevar)
- Kontrakt (enten leigekontrakt eller kontrakt for heime-/hybelbuarar)
- Informasjonsskjema om helse
- Melde frå om ev. nye romønskje på Google-skjemaet på Sygna si nettside
- Eventuelt avtalen om avtalegiro. Vi må ha denne i **originalformat**, det vil sei at den ikkje kan scannast og sendast på mail.
- Eventuell bestilling av formgjevingsutstyr (gjeld elevar på Kunst, design og arkitektur)

**God ferie og hjarteleg velkomen til Sygna!**

Beste helsing

Knut Heng  
- Rektor -